



**BKMR**

ÅRSMØTE 2016

**BILETKUNSTNARANE** I MØRE OG ROMSDAL

Laurdag 2. april kl 10.00 – 13.00  
Plassen, Molde

## INNHALD:

### DAGSORDEN

- SAK 1       Konstituering
  - I.1       Val av ordstyrar
  - I.2       Val av referentar
  - I.3       Val av to til å underskrive protokollen
  - I.4       Oppteljing av frammøtte og godkjenning av stemmefullmakter
  - I.5       Godkjenning av innkalling
  - I.6       Godkjenning av dagsorden
  
- SAK 2       Styret si årsmelding
  
- SAK 3       Rapport frå Stiftelsestyret for Ålesund Kunstfagskole
  
- SAK 4       Rapport frå Vestlandsutstillingens råd
  
- SAK 5       Rapport frå Kunstmuseet KUBE/Jugendstilsenteret
  
- SAK 6       Rapport frå Kontrollutvalet
  
- SAK 7       Rekneskap for 2015
  
- SAK 8       Saker lagt fram av styret
  - 8.1 Utstillingsavtalen.
  - 8.2 Produksjonstøtte til Den Kulturelle Skulesekken.
  - 8.3 Arkivering
- SAK 9       Saker lagt fram av medlemmane
  
- SAK 10      Handlingsplan for 2016
  
- SAK 11      Budsjett for 2016
  
- SAK 12      Val

**Vedtekter BKMR**  
Stemmefullmakter.

## Styret

Styret har i 2015 vore samansett av

Styreleiar: Karin Augusta Nogva

Nestleiar: Heidi Rødstøl

Kasserar: Trine Røssevold

Heidi Rødstøl har vore gjennomgåande styremedlem i både BKMR og KMR.

## Aktivitet

Styret har i styreperioden 2015 hatt fem ordinære styremøte. Styret har i tillegg hatt mykje uformell kontakt på mail og telefon i forbindelse med arbeidet som blei lagt ned under haustens politiske val og spørjeundersøkelsen til dei politiske partia.

## Saker

Styret har hatt fokus på å følgje opp og styrkje Møre og Romsdal Kunstnarstipend dette året. I eit møte med Fylkeskultursjef Heidi-Iren Wedlog Olsen, i november 2014, gav BKMR god oversikt over behov for økte bevilgninger og eit arbeidstipend som skulle gå utelukka til Visuell kunst. Det blei i februar dette året vedtatt ei auking i Kultur og Folkehelseutvalget av Kunstnarstipendet fra 300 000kr – 400.000kr

Mars, ein måned seinare fekk BKMR informasjon om ei omstilling av Kunstnarstipendet, dette skulle opp som sak på Kultur og Folkehelseutvalget. Dette gjaldt at kr 200 000 skulle gå utelukka til arbeidstipend for Visuell Kunst og kr 200 000 skulle fordelast mellom alle kunstutrykk i mindre prosjektstipend. BKMR utarbeidet eit kortfatta skriv og sendte det til dei 11 representantane i utvalet 2 dagar før møtet. Saka blei enstemmig vedtatt. Fylkeskultursjefen har grunngjeve omstillinga med at antall søkjere på visuell kunst er mykje høgare enn andre kunstfelt, dette viser at behovet innan visuell kunstfeltet er større.

BKMR følgde opp saken etter sommaren. 8 september etter årets tildelinga av Møre og Romsdal Kunstnarstipend var ferdig, tok vi kontakt med Fylkeskultursjefen med ønskje om eit møte. Dette for å gå gjennom ordninga og sjå på retningslinjene. 5 november kom det i stand eit møte mellom Fylkeskultursjefen, BKMR, NKM, Kunstmuseet Kube og Møre og Romsdal Kunstsenter. Fylkeskultursjefen Heidi Wedlog Olsen informerte oss om at ho har fått medhold i Kultur og Folkehelseutvalet å arbeide for økte bevilgning i Kunstnarstipendet først 600 000 så 1 million. Dette vil tre i kraft ved inngangen av 2017.

I forbindelse med møtet om Kunstnarstipendet påpeika BKMR to saker eksplisitt:

- At kunstnar SKAL bo og ha sitt verke i Møre og Romsdal Fylke. Dette stimulerer miljøet i fylket og er essensielt for satsinga som ligg i stipenda. Det held ikkje å berre ha bustadsadresse i fylket.
- BKMR hadde også innspel om sammansetning av jury. Der vi såg det som hensiktsmessig å innhente kompetanse utanfrå eller samarbeide med ein fagutval eller kunstsenter utanfor Møre og Romsdal.

## Landsmøtet i NBK

Dette blei avholdt 5/7 Juni Oslo. Det var Heidi og Karin som var delegater fra BKMR og Trine Røssevold satt i sentralstyret i NBK.

BKMR fekk gjennom saken om : Krav om utdanning innan Kunst og Handverk inn på handlingsplanen til NBK. Der forslag til vedtak var : Årsmøte i BKMR vil be NBK jobbe inn mot myndighetene med mål om å innføre kompetansekrav ved tilsetjing av lærarar i faget kunst og handverk- på linje med kravet til for eksempel matematikklærarar.

I forkant av landsmøtet var BKMR i kontakt med Karen Brønne ved Høgskulen i Volda. Der vi kunne informere landsmøtet om: at tidlegare har dette med kompetansekrav ikkje vore ei nødvendig problemstilling, fordi ein har måtte velje enten musikk eller kunst & handverk inn i sin almennlærarutdanning. Men no har ein ikkje dette kravet.

### Fjerninga av Uravstemminga

Her hadde Trine Røssevold og Giske Braadlie i NBK Administrasjon laget ein grundig og god oversikt over uravstemminga, korleis den fungerer og korleis den kan vere missvisande og kun eit demokratisk spill. Vi i BKMR og Nordnorske billedkunstnarar støtta dette med vår felles sak om at uravstemminga er ein tungvindt 3 trinns prosess.

Her fekk vi ikkje forsamlinga med oss. Saken fall tilbake til sitt utgangspunkt.

## Politisk arbeid:

BKMR søkte økonomisk støtte til å drive opplysningsarbeid inn mot det politiske valget hausten 2015. Vi såg at nokre av dei sakene vi har på handlingsplanen dette året egnet seg godt inn mot valkampen:

Viktigheita av kunst i skolen;

Prioritere kunstnarisk utsmykking;

Situasjonen til profesjonelle kunstnarar som busette seg i Møre og Romsdal;

Vi mottok 15000,- for vårt vidare arbeid. Vi utarbeida eit spørjeskjema som blei sendt ut til alle dei politiske partia- lokallaga med henvendelse til ordførerkandidatane og fylkespartilederne.

Målet med spørjeundersøkelse var å få kartleggje korleis dei ulike politiske partia forhold seg til dei spørsmåla som biletkunstnarane er opptatt av.

I undersøkelsen fokuserte vi på tre viktige område:

- Spørsmål om korleis dei ulike kommunane tilrettelegg for å ha profesjonelle kunstnarar arbeidande i sin kommune.
- Fokus på kunst og handverk opplæringa i skulen på barne, ungdomstrinnet og vidaregåande samt Kunstfagskolen i Ålesund.
- Vi tar og opp prioritering av offentleg kunst, noko som skal komme samfunnet til gode. Dette med tanke på kunstnarisk utsmykking av nye bygg men også om det blir satsa på kunst i ute og innanom på offentlege områder, til danning, opplæring og attraktivisering av sted.

Det var litt labele innsats og tilbakemelding fra alle lokallag og fylkesparti.

Vi syns det var bemerkelseverdige at i kampens hete var så labele interesse for å gi

konstruktiv tilbakemelding på kunst og kultur. Da dette er eit viktige tema da det er satsing på innovasjon, små næringar og at kunst og kultur blir viktige områder i denne samanheng.

BKMR gjekk til media med informasjon om dette. Både Sunnmørsposten, Tidens Krav og Romsdal Budstikke vart kontakta. Berre Sunnmørsposten responderte. Men til gjengjeld kørte dei 3 store saker noko som medførte debattar i forkant av valet. Vi delte også opplegget vårt med dei andre grunnorganisasjonane. Og fleire brukte vårt opplegg for å gjere eigne undersøkingar i sine regionar, Sogn og Fjordane, Nord Norske Billedkunstnarar og NBK Agder. Så vi anser at opplysningsarbeidet i spørjeskjemaet har gitt effekt ut over Møre og Romsdals sine grenser.

### **Innspel/ debatt:**

Styreleiar og styret har deltatt i diverse møter.

- Trine Røssevold- innlegg om kreative yrke som næring. Giske kommune. Februar.
- Presentert BKMR for Kunstmuseet Kube sin nye direktør Gro Kraft. April.
- BKMR i møte med Fylkeskulturskjef Heidi Wedlog Olsen, om kunstnarstipendtevegen vidare. November.

### **Media:**

BKMR har det inneverande år vore aktiv i media. Dette anser vi som ein viktig kanal for å aktualiserer politiske satsingar for biletkunstnarar.

NY rapport "kunstens autonomi og kunstens økonomi " kom ut våren 2015

29 januar "Lav forståelse gir tap av inntekt" av Karin Rykkje, Solfrid Vartdal.

Utalelse BKMR i forbindelse med Rapporten til kulturdepartementet kunstners autonomi og kunstners økonomi.. Sunnmørsposten

Møre og Romsdal Kunstnarstipend

4 mars "Viktig signal for kunstfeltet" av Solfrid Vartdal. Utalelse BKMR, Sunnmørsposten

5 mars "Glede over stipendomlegging" av Solfrid Vartdal. Utalelse BKMR,

Sunnmørsposten

Statens Kunstnarstipend:

26 april "Få kunstnere får stipend" av Elisabeth Solvang, uttalelse BKMR. Sunnmørsposten.

28 april "Kampen om kronene" Av Elisabeth Solvang, Sunnmørsposten.

Høstens politiske valg:

3 september "Fikk få politikervar om kunst" av Elisabeth Solvang, Sunnmørsposten

5 september "Interessen for kultur = 0" av Kristin Knudsen, Sunnmørsposten

11 september "Dette spurte vi politikerne om " Kunst. av Sunnmørsposten

Ope brev, Sissel Stangenes "Ei utgreiing"

14.oktober "Sunnmøre blir favorisert" av Vera Henrikse. Utalelse av BKMR. Romsdals budstikke.

## Medlemsmøte:

I forbindelse med at Norske Kunsthåndverarer Midt-Norge feiret 40 års jubileum som organisasjon og utstilling i Ålesund, inviterte BKMR inn til medlemsmøte i Ålesund. Dessverre kom denne informasjonen ut litt i seinaste laget, så dette påvirket nok oppmøtet.

Medlemsmøtet blei hold i Ålesund Kunstfagskole sine lokaler. Der det blei orientering om BKMR sitt arbeid. Innspel fra medlemmane om vegen vidare for Kunstnarstipend i Møre og Romsdal. Og utstillingsavtalen blei presentert.

## Val:

Nominering av kandidatar til:

Den Nasjonale Jury- Heidi Rødstøl

Stipendkomiteen- Geir Brungot

## Nye medlemmar

Styret har mottatt seks søknadar om medlemskap i 2015. Fire av desse er tatt opp som nytt medlem.

- **Judyta Julia Bialkowska** har sin utdanning fra Universitetet i Wroclaw, Polen. Mastergrad. Innanfor maleri og grafikk. (Haramsøy).
- **Elida Brenna Linge** er utdanna ved Kunstakademiet i Bergen, Master i kunst (Linge, Valdal)
- **Astrid Narvestad Wærdahl**. Overflytting, medlem fra BKH til BKMR. (Bøfjorden, Nordmøre).
- **Geir M Brungot**, innmelding av tidlegare medlem. Fotograf. (Sykkylven).

Vi ønsker alle hjerteleg velkommen inn i BKMR!

## Utarbeida retningslinjer for val:

Trine har utarbeida retningslinjer som skal vere til hjelp for valkomiteens arbeid. Dette legges ut på BKMR sine nettsider. [www.bkmr.no](http://www.bkmr.no)

## Økonomi

Økonomien er under god kontroll, og rekneskapet for 2013 viser eit overskot på kr 11756.

## SAK 3      Rapport

### Stiftelsesstyret Ålesund Kunsthøgskole 2015 v. Liv Dysthe Sønderland

Medlemmer av styret:

Styreleder: Gjørán Heimdal ( Ålesund kommune)  
Nestleder: Gro Kraft ( Stiftelsen Kulturkvartalet)  
Guri Nilsen Wiig (Ålesund Kunstforening)  
Ann Kristin Emblem ( Voksenopplæringen/ HIÅ)  
Liv Dysthe Sønderland (BKMR) vara Bent Erik Myrvoll  
Brit Dymes (NK) vara Anne Beite  
Trine Røssevoll ( ansatterepresentant)  
Sekretær: Ragnar Johansen ( rektor)

Styret hadde 6 styremøter i 2015 og et dialogseminar sammen med skolestyret og en del av lærerne ved skolen.

Skolestyret, som er oppnevnt av stiftelsesstyret gjorde det klart i fjor at de burde legges ned. Det var etter deres mening for stort og komplekst styringssystem for en liten skole med få elever. Ålesund kunsthøgskole har ikke økonomi til å ha to styrer. Skolestyret ble lagt ned i september. Stiftelsesstyret byttet navn til Styret, og overtok deres oppgaver, og delegerte enkelte oppgaver til administrasjonen. Vi stilte spørsmålet om kompetansen som var i Skolestyret var ivaretatt i styret nå som vi hadde nye oppgaver. For BKMR sin del tror jeg vår hovedoppgave er å følge med det kunstfaglige.

Ragnar Johansen har lenge varslet at det er en større omlegging / revidering på gang av hvordan utdanningsinstitusjonene mottar statsstøtte. Kort fortalt kan vi ikke regne med å få bevilgninger på bakgrunn av hvor mange elever skolen er beregnet på. ( i dag 60 elever) De kan etter hvert komme til å betale for de elevene som faktisk går der fra år til år. Dette svinger, og økonomien vil da bli langt mer uforutsigbar. Skolen prøver å komme denne utfordringen i forkant ved å arbeide enda mer med rekruttering for å sikre et bærekraftig elevtall. Det utredes også om skolen bør tilby flere beslektede fag/ linjer for å ha flere bein å stå på. ( arkitektur, design)

Departementet har signalisert at de små private skolene må bli mer robuste. Med det menes at økonomi, elevtall, lærerkrefter, kompetanse ikke kan være så sårbart som nå. De foreslår konsolidering/sammenslåing/ forpliktende samarbeid og lignende med andre utdanningsinstitusjoner.

Styret har 3 alternativer som administrasjonen/ deler av styret jobber med.  
I prioritert rekkefølge:

1. Kunsthøgskolen går inn som en del av/ forpliktende samarbeid med NTNU  
Samarbeid med KHIT og AT. Kunsthøgskolen leverer elever til Kunst og Arkitekturhøgskolene.  
Ved å samarbeide med NTNU vil de rekrutere flere av Ålesunds elever.
2. Samarbeide med andre Kunsthøgskoler om felles overbygging. "Kunsthøgskolen Norge"
3. Samarbeide med fylket om en ny og utvidet "Høgskolen Møre og Romsdal"

Ålesund kunsthøgskole har i dag 24 elever. Det er altfor få, og betyr at økonomien er svært stram. Administrasjonen gjør en god jobb med å stramme inn på en måte som går minst mulig utover undervisningstilbudet. Stiftelseskapitalen blir mindre for hvert år, og det er faretruende. Det tåles ikke store uforutsatte utgifter.  
Det gjøres en stor innsats innenfor rekruttering som vi håper vil gi flere elever. Det arbeides også med å gjøre skolen mer robust på lengre sikt som nevnt over.

Billedkunstnarane i Møre og Romsdal (BKMR) V/styrelisar Karin Augusta Nogva

Vestlandsutstillingen er eit samarbeid mellom institusjonane Stavanger Kunsthall, Haugesund Kunstforening, Kunsthuset Kabuso, Sunnfjord Kunstlag, Kunstmuseet KUBE og billedkunstorganisasjonane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

I styret: Styrelisar: Joakim Lund Nestleiar: Benedikte Holen trekte seg ved årsmøtet i fjor. Maya Økland, Stavanger Kunsthall Dillian Marsh, (BKFH) Merete Hol Tefre (BKSF) Gunnstein Brakstad (vara for Atle Atterås, Sunnfjord Kunstlag) Benedikte Holen (Kunstmuseet KUBE) Synnøve Vik (Kabuso) Sandra Vaka Olsen (BKFR) Terese Longva (BKMR)

I arbeidsutvalet: Joakim Lund Gunnstein Brakstad Dillian Marsh

Rapport om verksemda til Vestlandsutstillingen.

Rapporten byggjer på arbeidsplanen, referat frå årsmøtet i 2015 og på samtale med forrige nestleiar i styret i Vestlandsutstillingen (heretter omtala som VU). Eg har også i e-post vendt meg til arbeidsutvalet (heretter omtala som AU) med spørsmål om å få tilsendt kopiar av protokollar frå moglege møte i arbeidsutvalet. Alle styremedlemmane fekk kopi av denne e-posten. Førre har eg verken fått møteprotokollar eller svar på denne førespurnaden.

V erksemda: Eg har gått igjennom arbeidsplanen og finn at følgjande er gjennomført:

- Vestlandsutstillinga 2016 turnerer. Forrige nestleiar opplyser at p.g.a. manglande koordinasjon og planlegging skal VU ikkje innom Haugesund Kunstforening i år. Kuratorar for årets utstilling er Lars Korff Lofthus og Sveinung Rudjord Unneland. Der er ingen kunstnarar med tilknytning til Møre og Romsdal med i årets utstilling.
- Det er tilsett ein utstillingsleiar i 30%. Ho heiter Anneli Belsvik Aras. Denne stillinga har før heitt koordinator, no utstillingsleiar.
- Det er sett i gong ein utveljings-/tilsettingsprosess for eitt års kuratørensengasjement. Det låg ikkje føre CV for nokon av kandidatane, eller anna vesentleg materiale som bakgrunn for utveljing/tilsetting.
- Det er uråd for meg – som BKMR sin representant – å vurdere om andre deler av arbeidsplanen er iverksett eller påbyrja. Det har ikkje vore styremøte hittil i perioden. Før årsmøtet 2015 fekk eg innkallinga ein dag før årsmøtet. Det vart såleis uråd for meg å møte på årsmøtet.

Organisasjon:

VU har ein praksis med at årsmøte og styremøte blir halde samtidig og at det berre er eitt styremøte i året. Dette gjer at styret ikkje rekk å handsame alle saker ein skulle ynskje. Mykje blir såleis liggande på utstillingsleiar som berre har 30% stilling. I

arbeidsplanen er det også ein føresetnad om at AU skal ha ansvar for gjennomføring av store delar av planen. Det skal førast protokoll frå desse møta, men eg har ikkje klart å spore opp nokon av desse.

Organisasjonen er ei foreining der både biletkunstorganisasjonar og visningsstader er medlemmar på lik line. No er medlemsorganisasjonane involverte ein gong i året til styre-/årsmøtet. Det er ytra ynskje om at medlemsorganisasjonane blir meir involverte. Det manglar utstillingskontrakt mellom VU og visningstader. AU skulle jobbe med dette, men p.g.a. manglande respons frå AU kan eg ikkje vise til at dette verken er påbyrja eller ferdigstilt. Eit atterhald er at AU vil informere kva som er vorte gjort på årsmøtet 11. juni.

Økonomi: Eg har kontakta både utstillingsleiar og alle styremedlemmer om å få rekneskap for 2014, og fekk til slutt tilsendt eit mellombels rekneskap frå 2014. I 2014 gjekk VU med eit lite underskot. Eg ser at Møre og Romsdal gir mest tilskot av alle fylka. Tala for 2015 er ikkje klare endå, og på grunn av rot i årsmøtereferatet frå 2015 er det i skrivande stund ikkje klart.

Det er ikkje økonomi til å produsere verk, likevel blir slike verk tekne inn i utstillinga; her kan det vere at det manglar informasjon til kurator. Den stramme økonomien gjer det vanskeleg å klare målsettinga til VU, nemleg å syne samtidskunst av høg kvalitet. Kunstnarisk leiar, Lars Sture, rapporterte i 2014 at skal utstillinga spegle ei samtidskunstverkelegheit, må det vere rom for verk innan alle biletkunstgenrar/-teknikkar. Dette vil vere kostbart. Førrige koordinator skriv i ein rapport i 2014 at utgiftene har auka til transport og utstyr, men at kunstnarane sine honorar ikkje er meir enn eit symbolsk vederlag. Eg kan diverre ikkje spesifisere den nøyaktige summen kvar einskild kunstnar får då eg ikkje har lukkast å innhente denne informasjonen.

Nytt frå i fjor er at Møre og Romsdal fylke gir støtte rett til VU, i staden for via KUBE, slik det tidlegare har vore gjort. VU må søkje for kvart år.

Konklusjon:

- Det er mitt inntrykk at det formelle i organisasjonen ikkje fungerer og at dette hemmar verksemda. Det er nesten umogleg å få oversikt.
- Ordninga med berre eitt styremøte (som i tillegg fell saman med årsmøtet) er ikkje tenleg.
- Den interne kommunikasjonen fungerer ikkje.
- Etter min kjennskap manglar det arbeidsbeskrivelse for kuratorar. Dersom det ikkje eksisterer, bør det utviklast ein klar instruks til kurator. Om VU har dette, så må det takast i bruk att.
- Det manglar kontraktar med visningstader.
- Eg er ikkje kjent med at det finst eit tydeleg mandat for AU. Om eit slikt ikkje finst, bør eit forslag leggast fram til vedtak i styret for VU. Bergen, 11.03.2016 Terese Longva Representant for BKMR i styret i Vestlandsutstillingen.

Representant for BKMR Anne Beite, Ålesund 16.2.2016

Til styreleder i BKMR

Det nye året startet med en ny direktør, som hadde vært i stillingen i 2 mnd da vi hadde vårt første møte. Det var fint og gledelig at stab og direktør delte ambisjoner for både Kube og Jugendstilsenteret.

Det har vært et arbeidskrevende år for de ansatte med strategiarbeid for å arbeide frem en felles forståelse av hva institusjonen kan være og hva en trenger å gjøre for å komme dit.

Styret fikk en innføring i hva det innebærer å være et nasjonalt senter og forståelse for å utvikle institusjonen til å bli det faglige sentrum det var ment å være da det ble opprettet i 2005, et kvalitativt og viktig samfunnskunstmuseum for regionen og et faglig kunnskapsrikt Jugendstilsenter for byen, regionen og nasjonen.

Prioriteringene av saker har vært av økonomisk karakter, og styret har stilt seg bak direktørens arbeider frem mot søknadsbeløp.

Der har vært en svært positiv tilbakemelding på å åpne opp for kunstneriske prosjekt og møte en kunstner i og under arbeid, dette er et potensiale for tverrfaglige samarbeidsprosjekter, både ute, inne og i mellomrommene.

Styret ser at museets økonomiske situasjon er svært anstrengt og at bevilgningene ikke følger økningen i de faktiske kostnader. Styret ser det som svært uheldig at det ikke var avsatt midler til innkjøp til samlingene, og bad om at det ble avsatt midler til dette.


I det store og hele er institusjonen avhengig av økonomiske tilskudd, det foreligger ingen signaler eller løfter fra tilskudds yterne om økninger, og det har vært foretatt nedskjæringer på flere budsjettposter hvor det har vært mulig.

I tro og ære og i beste ånd for fellesskapet er dette referatet, mvh Anne

**Rapport frå Kontrollutvalet i BKMR**

BKMR sitt Kontrollutval for perioden 2015-2016 har bestått av Fride Haram Klykken og Halvard Hatlen.

**Kontrollutvalet finn ikkje noko å utsetje på styrets arbeid.**



Fride Haram Klykken

sign.



Halvard Hatlen

sign.

---

**Resultatregnskap**


---

**Biletkunstnarane i Møre Og Romsdal**

	Note	2015	2014
Fagpolitisk støtte		47 666	38 666
Kontingenter		22 950	23 400
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>70 615</b>	<b>58 955</b>
Godtgjørelse styre		37 000	37 000
Annen driftskostnad		21 762	25 349
<b>Sum driftskostnad</b>		<b>58 762</b>	<b>62 349</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>11 853</b>	<b>-3 394</b>
Annen renteinntekt		48	81
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>48</b>	<b>81</b>
Annen rentekostnad		143	56
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>143</b>	<b>56</b>
<b>Sum netto finansposter</b>		<b>-91</b>	<b>25</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>11 756</b>	<b>-3 369</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>11 756</b>	<b>-3 369</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>11 756</b>	<b>-3 369</b>
Overført annen egenkapital		11 756	-3 369
<b>Sum disponert</b>		<b>11 756</b>	<b>-3 369</b>





---

**Balanse**

---

**Biletkunstnarane i Møre og Romsdal**

	Note	2015	2014
<b>Eiendeler</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		52 700	40 944
Sum omløpsmidler		52 700	40 944
Sum eiendeler		52 700	40 944

*Hendrik Rødseth*

*Arvid Rødseth* *Trine*

---

**Balanse**

---

**Biletkunstnarane i Møre og Romsdal**

	Note	2015	2014
<b>Egenkapital og gjeld</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Selskapskapital		13 633	13 633
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>13 633</b>	<b>13 633</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Opptjent egenkapital		39 067	27 311
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>39 067</b>	<b>27 311</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>52 700</b>	<b>40 944</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>52 700</b>	<b>40 944</b>

, 31.12.2015  
Styret for Biletkunstnarane i  
Møre og Romsdal

Karin Augusta Nogva  
Styrets leder

Heidi Rødstøl  
Nestleder

Trine Røsevoid  
Styremedlem



### 8.1 Utstillingsavtalen.

Det er i dag liten eller ingen tradisjon for at biletkunstnarar får honorar eller noko form for løn for å produsere ei utstilling. På dette området skil biletkunstnarar seg frå både kunstnarar innanfor andre felt (t.d. musikarar, komponistar, scenekunstnarar, forfattarar m.m.) og samfunnet elles. I tillegg til dette ber også enkeltkunstnaren alle kostnader knytt til produksjon av verka, inkludert betaling til underleverandørar. Denne praksisen er særskilt problematisk med tanke på utstillingar som blir produsert for institusjonar med offentleg støtte. NBK, NK, FFF og SDS tok i 2008 tak i problemstillinga rundt at kunstnarar ikkje får betalt for arbeid dei gjer for offentlege institusjonar. I Stortingsmeldinga om visuell kunst (Meld. St. 23) frå 2012 blei det mellom anna konkludert med at KUD skulle vurdere å sette i gong eit pilotprosjekt for å prøve ut ei ordning med utstillingshonorar til statsstøtta institusjonar. Denne piloten er no i gang og skal gå fram til oktober 2016. 12 statstøtta visningsstader er med på prøveordninga. Ingen av desse er i Møre og Romsdal.

BKMR ynskjer at Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på dette feltet og at dei to fylkeskommunale visningsstadane, Møre og Romsdal Kunstsenter og Kunstmuseet Kube, skal innføre ei ordning med honorering av kunstnarar som får avtale om utstilling. BKMR er opptatt av at det offentlege ikkje skal utnytte ei økonomisk svak yrkesgruppe gjennom å ikkje betale for arbeidet det offentlege "bestiller". Honorering av kunstnarane ligg pr i dag ikkje inne i overføringane til institusjonane og må difor finansierast med friske midlar. Difor ynskjer vi at det blir sett ned ei representativ arbeidsgruppe som kan arbeide fram forslag til ei ordning for utstillingshonorar for dei to fylkeskommunalt støtta visningsstadane her i fylket.

NBK, NK, FFF og SDS arbeider no med utforming av ein total avtale knytt til utstillingar i statlege visningsstader. Denne vert kalla UTSTILLINGSAVTALEN og har tre deler:

1. Utstillingshonorar – honorar for arbeidet ein kunstnar har med produksjon av ei utstilling.
2. Utstillingsvederlag – vederlag som visningsstad betaler til kunstnar for bruk / lån av kunsten og for at denne er tilgjengeleg for publikum.
3. Produksjonskostnader – konkrete kostnader knytt til produksjon av utstilling.

BKMR meiner at Møre og Romsdal fylkeskommune på sikt bør vurdere om ein skal innføre ein tilsvarande utstillingsavtale.

#### Forslag til vedtak:

BKMR ber Møre og Romsdal fylkeskommune innføre ei ordning for utstillingshonorar for kunstnarar som får avtale om utstillingar ved dei to fylkeskommunalt finansierte visningsstadane i fylket. Dette må finansierast med friske midlar og sikrast gjennom ein skriftleg avtale.

BKMR ynskjer at det vert sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå M og R fylkeskommune, BKMR, NKM, MRK og Kunstmuseet Kube. Denne gruppa skal arbeide med forslag til avtale, kostnadsoverslag, og plan for oppfølging av ordning.

## 8.2 Produksjonstøtte til Den Kulturelle Skulesekken.

Den Kulturelle Skulesekken i Møre og Romsdal fylke har årleg eit rikt program fra dei ulike kunstfelt, Musikk, Film, Litteratur, Kunst i samspill, Scenekunst, Visuell kunst og Kulturarv. Men dessverre viser statestikkar at det er få ny produksjonar innan det Visuelle kunstfeltet. Det viser også til at det er det Visuelle feltet og Kulturarv som kjem dårlegast ut når det gjeld produksjonstøtte. Fram til 2014 vart det bevilga 100 000kr til produksjonstøtte for Visuell kunst produksjon til DKS, Kunstmuseet Kube hadde dette som oppgåve fra Møre og Romsdal Fylkeskommune. Dette er no borte.

Forslag til vedtak: Vi i BKMR vil jobbe for få gjenoppretta produksjonstøtta til Visuell kunstproduksjon til DKS fra Møre og Romsdal Fylkeskommune . Denne oppgåva bør utførast av Møre og Romsdal Kunstsenter som har i sitt hovudføremål å skape og formidle oppdrag for billedkunstnere og kunsthåndverere.

## 8.3 Arkivering

BKMR sine papir bør arkiverest eitt sted. BKMR har tatt kontakt med Sentral Arkiver, her ønskjer vi å arkivere alt av BKMR sine papir.

Forslag til vedtak:

BKMR ønskjer å lagre alt av papirhistorisk materiale hos Sentral Arkiv. Det skal også opprettast eit digitalt arkiv på nettsky.

## SAK 9 **Saker lagt fram av medlemmane**

Ingen saker innmeldt.

## SAK 10 Handlingsplan 2016

- ❖ Bkmr skal jobbe aktivt for å stimulere fylkeskommunen og kommunane til å satse på kunst i eigne bygg og uterom, samt bidra til utvikling av kunnskap og kompetanse om kunst i offentlege rom og tilhøyrande kunstneriske prosessar.
- ❖ Arrangere fagdag. Fokus skal her vere på både fagpolitikk og fagleg påfyll.
- ❖ Vere aktive og tilgjengeleg i debattar og spørsmål som vedkjem kunstnarar sin kvardag.
- ❖ Jobbe for rekruttering av nye medlemmer, nyutdanna kunstnarar og kunstnarar tilknytning til fylket.
- ❖ Den Kulturelle Skulesekken (DKS). Arbeide med biletkunstnarane sine produksjon villkår til produksjonar for DKS.
- ❖ Jobbe med at NBK får på plass ei forsikringsordning som skal sikre medlemmar sin rett til sjuke og pensjonsordning.
- ❖ Styrke vestlandsutstillinga.

INNTEKTER	Budsjett 2016	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
Fagpolitiske midlar	30.555	30.555	32.665
Kontingentar	36.850	23.400	22.950
Fagpolitiske midlar (søknad NBK) NOTE 2	10.000	0	15.000
<b>Sum</b>	<b>77.405</b>	<b>53.955</b>	<b>70.615</b>
UTGIFTER			
Honorar styreleiar	25.000	25.000	25.000
Honorar styremedlemar	12.000	12.000	12.000
Reiseutgifter og møteutgifter NOTE 1	13.946	6.455	6.374
Rekneskapsføring	5.000	6.000	1.953
Administrasjon	500	1.500	451
Telefongodtgjersle valkomité	400	400	0
Prosjekt NOTE 2	13.959	0	10.000
Nettside / nettsky	5.000	1.000	2.984
Møtegodtgjersle for vara NOTE 3	1.600	1.600	0
<b>Sum</b>	<b>77.405</b>	<b>53.955</b>	<b>58.762</b>

NOTE 1: Ekstra kostnader i samanheng med arbeidsgruppe for utstillingshonorar.

NOTE 2: Fagdag 1.april 2016

NOTE 3: Vara får ikkje fast honorar, men vert honorerert med kr 800 pr møte.

<b>FORSLAG FRA VALGKOMITEEN MARS 2016</b>		
	I dag	Forslag til valg
<b>KMR styret (3 år)</b>	Ine Harrang 2014 - 2017 Heidi Rødstøl 2013 - 2016  Vara: Inga Dalsegg 2013-2016 Vara: Ole Mausest 2014-2017	BKMR - styret velger selv den gjennomgående representanten  Vara: 2016 - 2019 Vania Cunha
<b>KMR kontrollutvalget (2 år)</b>	Anne Berntsen 2015 - 2017	
<b>BKMR styret (3 år)</b>	Karin Augusta Nogva 2015 - 2018 Trine Røssevold 2014 - 2017 Heidi Rødstøl 2013 - 2016  1.vara: Marit Moltu 2013 - 2016 2.vara: Simon Wågsholm 14 - 17	Nytt styremedlem: Eilin Midtbø 2016 - 2019  1.vara: Bent Erik Myrvoll 2016 - 2019
<b>BKMR leder (1 år)</b>	Karin Augusta Nogva 2015 - 2016	Karin Augusta Nogva; 2016 - 2017
<b>BKMR kontrollutvalg (2 år)</b>	Halvard Hatlen 2015 - 2017 Fride Haram Klykken 2015 - 2017	
<b>BKMR valgkomite (2 år)</b>	Marit Akslen. 2015 - 2017 Anne Sara Loe 2014 - 2016	Anne Berntsen 2016 - 2018
<b>RSU (regionalt samarbeidsutv) (3 år)</b>	Anne Sara Loe 2015 - 2018 Vara: Kirsti Bjerkvik 2013 - 2016	Vara: Anne Berntsen 2016 - 2019
<b>Regional innstillings komité for Statens Utstillingsstipend (2 år)</b>	Kristine Roald Sandøy 2014 -2016 Liv D Sønderland 2015 - 2017	Astri Runde Saxegaard 2016 - 2018
<b>Vestlandsutstillingens råd (2 år)</b>	Terese Longva 2015 - 2017 Vara: S Wågsholm 2015 - 2017	
<b>Kunstmuseet Kube (4 år)</b>	Anne Beite - 2012 - 2016 Vara: Ine Harrang 2012 - 2016	Liv Dysthe Sønderland 2016 - 2020 Vara: Ine Harrang 2016- 2020
<b>Stiftelsesstyret v Ålesund kunstfagskole</b>	Liv D. Sønderland 2013 - 2016 Bent Erik Myrvoll 2013 - 2016	Det står i notatet fra Karin at valgperioden for begge varer til 2019
<b>Kunstnerisk råd ved MRK (3 år)</b>	Gjertrud Hals 2015 - 2018	
<b>Kandidater til verv i NBK</b>	-	Representanter til disse vervene skal velges av årsmøtet, vi må notere oss dette



**BKMR**

VEDTEKTER FOR

**BILETKUNSTNARANE I  
MØRE OG ROMSDAL**

org.nr 911 577 623

**§ 1 NAMN OG ORGANISASJON**

Biletkunstnarane i Møre og Romsdal (BKMR) er ein fagorganisasjon for profesjonelle biletkunstnarar i Møre og Romsdal.

BKMR er ein av Norske Billedkunstnere (NBK) sine distriktsorganisasjonar og er forplikta av vedtekter og landsmøtevedtak i NBK.

BKMR er organisert som foreining utan sjølvstendig økonomisk formål.

**§ 2 FORMÅL**

BKMR skal ivareta biletkunstnarane sine faglege, økonomiske, ideelle og sosiale interesser i Møre og Romsdal.

**§ 3 MEDLEMSKAP**

3.1 Skriftleg søknad om medlemskap sendast til BKMR sitt styre. Søkjarar som oppfyller opptaksvilkåra for distriktsorganisasjonar, vedtatt på NBK sitt landsmøte, har rett til medlemskap i BKMR. Medlemskap i BKMR fører automatisk til medlemsskap i NBK.

3.2 Medlemmar pliktar å betale kontingent til både BKMR og NBK. Kontingentane vert innkravd og skal betalast til NBK. Kontingent til BKMR fastsettast på Årsmøte.

3.3 Profesjonelle biletkunstnarar som buset seg for kortare eller lengre tid i Møre og Romsdal har rett til opptak utan ny vurdering når dei har vore medlem i ein annan distriktsorganisasjon.

3.4 Ved innmelding gir det enkelte medlem fullmakt til at BKMR kan forhandle om, og inngå avtalar om bruk og vederlag, som finn stad i Møre og Romsdal, og for vederlag som vert ytt på kulturpolitisk grunnlag i Møre og Romsdal.

3.5 Biletkunstnarar busett utanfor Møre og Romsdal, som er knytt til Møre og Romsdal, og som elles oppfyller kravet om medlemskap, kan bli tatt opp som assosierte medlemmar. Assosiert medlemskap gir ikkje stemmerett i BKMR sine organ eller medlemskap i NBK. Assosierte medlemmar betaler halv kontingent. Denne vert kravd inn av BKMR.

#### § 4 BKMR sine ORGAN

Årsmøtet (§5), Styret (§7), Kontrollutval (§8), Valnemnd (§9)

#### § 5 ÅRSMØTET

5.1 Årsmøtet er BKMR sitt øvste organ. Vedtak som vert fatta på Årsmøtet er bindande for BKMR sine medlemmar.

5.2 Årsmøte skal haldast kvart år innan 10.mars. Innkalling med foreløpig dagsorden sendast ut minst 5 veker før møtet. Saker til Årsmøtet skal fremjast til Styret og må vere Styret i hende seinast 4 veker før Årsmøtet.

Dagsorden med samlege sakspapir sendast ut minst to veker før møtet. Berre saker som er fremja på denne måten kan takast opp på Årsmøtet.

5.3 Alle medlemmar av BKMR har rett til å møte på Årsmøtet. Medlemmar som ikkje kan møte på Årsmøtet kan gi skrifteleg fullmakt til eit anna medlem. Fullmakter med ope mandat sendast direkte til medlemmen. Ingen medlem kan ha meir enn tre fullmakter. Årsmøtet er vedtaksfør når det er lovleg innkalla. Dersom Årsmøtet ikkje er vedtaksfør skal det innkallast til nytt årsmøte innan 3 veker. Dette Årsmøtet kan berre handsame saker som vart fremma til det ordinære Årsmøtet.

5.4 Assosierte medlemmar og observatørar har møte- og talerett, men ikkje stemmerett.

5.5 Årsmøtet vert konstituert ved godkjenning av innkalling, fastsetting av dagsorden og val av møteleiar, 2 referentar og 2 til å godkjenne referatet.

#### 5.6 Årsmøtet handsamar:

- Styret si årsmelding
- Rekneskap
- Saker fremma av eller gjennom Styret
- Handlingsplan
- Budsjett
- Fastsetting av medlemskontingentar
- Oppnemningar
- Val

#### 5.7 Årsmøtet vel:

Styreleiar

Styret: 2 medlemmar og 2 vara.

Kontrollutval: 2 medlemmar

Valnemnd: 2 medlemmar

Styret i Kunstnersenteret Møre og Romsdal: 1 medlem og 2 vara

Kontrollutvalet for KMR: 1 medlem

Regionalt samarbeidsutval (RSU): 1 medlem

Delegatar til Landsmøtet i NBK

Kandidatar til verv i NBK

Representantar til ulike verv og styre der BKMR har posisjonar.

Styreleiar vert valt for 1 år i gongen. Medlemmar til styret i BKMR vert valt for 3 år, der eit verv er på val kvart år.  
Berre medlemmar i BKMR kan stille til val.

## § 6 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært Årsmøte skal innkallast med minst 4 vekers varsel når minst 1/10 av medlemmane, eit fleirtal i Styret, eller Kontrollutvalet krev det. Krav om Ekstraordinært Årsmøte skal fremjast skriftleg til Styret. Sakspapir skal fylje innkallinga. Berre saker som er grunnlagsgjevande for det Ekstraordinært Årsmøte for kan handsamast. Møtet konstituerer seg på same måte som eit ordinært årsmøte.

## § 7 STYRET

7.1 Styret er BKMR sitt øvste organ mellom årsmøta. Styret vel sjølv sin eigen nestleiar og kasserar. Eit av medlemmane skal sitte i KMR sitt styre. Den gjennomgåande styrerepresentanten veljast av Styret sjølv. Vervet i KMR går over 1 år.

7.2 Styret har ansvar for BKMR si verksemd, men unntak av dei oppgåver som etter vedtektene er lagt til Årsmøtet (§5) og Valnemnda (§9). Styret har ansvar for gjennomføring av vedtak fatta på Årsmøtet.

7.3 Det bør haldast minst fire styremøte pr år. Styremøta skal innkallast skriftleg, med sakspapir vedlagt, seinast ei veke før styremøtet. Det skal førast referat frå styremøta. Referata skal godkjennast av styret.

7.4 Styret er ansvarleg for kunstnariske vurderingar i høve medlemsopptak og eventuelt anna kunstnarisk juryarbeid som BKMR får ansvar for.

7.5 Styret foreslår kandidatar til Den Nasjonale Jury og Stipendkomiteen (NBK)

7.6 Styret er vedtaksføre når minst 2/3 av medlemmane eller vara er tilstades. Leiar eller nestleiar må vere tilstades. Vedtak vert avgjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal skal leiar si stemme avgjere.

## § 8 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal vere samansett av to medlemmar. Utvalet si oppgåve er å kontrollere at vedtak som er fatta på BKMR sitt Årsmøte vert handsama av Styret. Kontrollutvalet skal ha tilgang på alle BKMR sine dokument, bør møtast to gonger pr år, og skal levere rapport til Årsmøtet.

Eit einstemming Kontrollutval kan krevje Ekstraordinært Årsmøte.

## § 9 VALNEMND

9.1 Valnemnda er samansett av to medlemmar. Verva går over to år og er på val i alternerande år.

9.2 Valnemnda innstiller kandidatar til val av: styreleiar, styremedlemmar, Kontrollutval, Valnemnd, Styret i KMR, Kontrollutvalet for KMR, RSU, verv som veljast på NBK sitt Landsmøte, og styrer der BKMR har representasjon.

## § 10 MEDLEMSMØTE

Styret innkallar til medlemsmøte etter behov. Medlemsmøta sin funksjon er debatt og informasjon mellom medlemmane og Styret. Medlemsmøta er rådgjevande for Styret.

## § 11 URAVSTEMMING

Styret kan sende saker som har stor innverknad på medlemmane ut til uravstemming. Årsmøtet eller eit Ekstraordinært Årsmøte kan på same vis vedta å sende ei sak ut til uravstemming. NBK sine Landsmøtevedtak og BKMR sine Årsmøtevedtak kan ikkje overprøvast ved uravstemming. Uravstemminga er ikkje bindande med mindre 2/3 av medlemmane deltek eller at minst halvparten av medlemmane stemmer likt. Dersom uravstemminga ikkje vert bindande skal den endelege avgjerla takast av Styret.

## § 12 OPPLØYSING

Oppløysing av organisasjonen kan berre skje med 2/3 fleirtal på to Årsmøter på rad. Ved vedtak om oppløysing skal det samstundes vedtakast kva som skal skje med arkiv, midlar og aktiva. Det er ein føresetnad at desse skal nyttast i tråd med BKMR sitt føremål.

### § 13 VEDTEKSENDRINGAR

Endringar av vedtektene kan berre skje på Årsmøtet med 2/3 fleirtal.  
Vedtektsendringar trer i foreløpig i kraft etter vedtak på Årsmøtet.  
Vedtektsendringar er først endeleg godkjent når dei er vedtatt på NBK sitt landsmøte.